

**KONTROLLUTVALET I
SYKKYLVEN KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 11. desember 2014, kl.14.30

Møtestad: Formannskapssalen

Møtet vart leia av: Odd Jostein Drotninghaug

Elles tilstades:

Sigmund Valbø, Grethe Melseth, Ole Bjørn Roald (ikkje i sak 35/14) og Anita Søvik

= 4 og 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne og advokat Kjetil Kvammen. Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Frå Sykkylven kommune møtte ordførar Petter Lyshol (i sak 33/14, 34/14 og 36/14), rådmann May Helen Molvær Grimstad, kommunalsjef Eldrid Sourza og saksbehandlar koordinerande eining Anita Kjersem.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

SAK 33/14

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 13. NOVEMBER 2014

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 13. november 2014 blir godkjent.

SAK 34/14

STØYSKJERM TREGARDANE

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 03.12.2014.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet stiller seg kritisk til prosjektstyringa av Støyskjerm Tregardane.
2. Kontrollutvalet føreset at rutinar for kvalitetssikring av planlegging og prosjektering i byggesaker blir gjennomgått og betra.

SAK 35/14

SAKSBEHANDLING VED KOORDINERANDE EINING FOR REHABILITERING OG HABILITERING M.V.

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 03.12.2014.

Det vart fremma forslag om å lukke møtet med visnad til kommunelova § 31 nr. 2 og forvaltningslova § 13 om lovbestemt teieplikt for personopplysningar. Lukking av møtet vart samrøystes vedteke.

Ole Bjørn Roald stilte spørsmål ved eigen habilitet og forlet møtet. Ved votering vart Ole Bjørn Roald samrøystes erklært inhabil.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. I høve brukaren sine meldingar og dokumentasjon av klare behov for hjelp har kommunen oversett den private parten og konsentrert seg om generell behandling av m.a. ressursituasjonen ved barnehagane.
2. Sykkylven kommune har brote reglane for god saksbehandlingsskikk og reglane i m.a. forvaltningslova §§ 11, 17 og 18 som pålegg forvaltningsorgana svarplikt, utgreiingsplikt og opplysningsplikt i saker som private tar opp innafor deira ansvarsområde.
3. Ansvar for å oppfylle det lovpålagde kravet om at helsetenesta skal utarbeide individuell plan kan ikkje påleggast brukaren. Kommunen har allereie gitt signal om at dette vil bli retta på.
4. Saka blir å sende kommunestyret til orientering.

SAK 36/14

FORVALTNING, KAPASITET OG SAMARBEID INNAN LEGETESTA I SYKKYLVEN KOMMUNE

Innstilling frå kontrollutvalsekretariatet datert 10.12.2014 var denne:

1. Fastsetje norm for talet på pasientar per lege som ligg på nivå med det som er vanleg elles i norske kommunar gjennom å senke listetaket i dei indivdiuelle avtalane.
2. Opprette fleire fastlegeheimlar og etablere eit fastlegemiljø i tillegg til dei eksisterande.
3. Når det er etablert tilstrekkeleg kapasitet i fastlegetenestene, kan det vere grunnlag for å sjå nærare på korleis organiseringa av legevakta skal vere.
4. Revurdere vedtaket knytt til etablering av eit eige tilbod om døgnopphald for øyeblikkeleg hjelp i Sykkylven kommune (ØHD-tilbod).

5. Gjennomgå oppgåver og ressursbruk til dei kommunale legeoppgåvene med sikte på rasjonalisering og omallokering.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet tek rapporten til vitande.
2. Rapporten blir sendt kommunestyret for orienteering.
3. Kontrollutvalet vil kome tilbake til saka med forslag til tiltak.

SAK 37/14

**DRØFTING AV MULIG OPPDRAG BASERT PÅ INNKOMNE DOKUMENT VEDKOMANDE
PERSONALKONFLIKT I SYKKYLVEN KOMMUNE**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Leiar og sekretariat vil sjå nærare på innfalssvinklar inn mot eit eventuelt oppdrag.

Odd Jostein Drotninghaug
leiar
(sign.)

Sigmund Valbø
nestleiar
(sign.)

Grethe Melseth
medlem
(sign.)

Ole Bjørn Roald
medlem
(sign.)

Anita Søvik
medlem
(sign.)